

4. Utdeling av Myrselskapets diplom.

Formannen meddelte at styret på sitt siste møte hadde besluttet å tildele selskapets diplom til følgende «fortjente» myr dyrkere:

1. Bureiser Erling Edwardsen, Øyvågen, Nordvik herred, Nordland.
2. Bureiser og feltbestyrer Martin L. Ødegaard, Alsvåg, Langenes herred, Nordland.

Myrselskapets foredragsmøte.

Myrselskapet holdt samme dag foredragsmøte med foredrag av sivilingeniør Rich. H. Westergaard om: «Kunstig tørking av strøtorv med utnyttelse av solenergi», og av sivilingeniør Odd Todnem om: «Låvetørking og solvarme». Utgangspunktet for foredragene var tørkeforsøkene som er blitt drevet ved Åneby Huminalfabrikk siste sommer.

I diskusjonen etter foredragene deltok forskningsstipendiat Eilif Dahl, konsulent Ole Lie, overrettssakfører A. Valen-Sendstad, direktør Aasulv Løddesøl og huminalfabrikant Alf Ording, samt begge foredragsholderne.

Begge foredragene vil senere bli trykt i Myrselskapets tidsskrift.

PLANTEDYR KING PÅ MYRJORD.

Av forsøksleiar Hans Hagerup.

(Framhald frå hefte nr. 1, 1959).

VI. Korndyrking.

Myrjorda er ikkje god til dyrking av korn, dertil er ho for lite varmeleiane. Lægjet er ofte slik at den kalde lufta samlar seg over myrane i stille og klåre netter og da frost gjerne fylgjer i lågare lende, vil dyrkinga av korn her vera meir usikker enn på anna jord. Der dei klimatiske tilhøva er gode nok, vil og dyrkinga av korn gå bra, sjølv om frost av og til kan innverke sterkt både på kvalitet og kvantitet. Myrjorda sitt store innhald av kvæve (nitrogen) vil på vel molda myrjord medverke til legde i åkeren og med det nedsett kornkvalitet. Det krevst eit godt skjønn av brukaren ved dyrking av korn på myr. Ved å bruke dei hjelperåder som ein ved forsøk og røymsler er komi til, kan det verta tilfredsstillande resultat.

A. Val av kornarter og sortar.

Ved forsøks garden er i åra 1917 til 1923 samanlikna avkastnaden av dei fire vårkornslaga bygg, havre, rug og kveite, i alt 7 år. Rug og kveite gav ikkje brukbar avling i — etter tur — 3 og 4 år, da berginga om hausten øydela avlinga. Avlingsresultatet går fram av tabell 16.

Tabell 16. Samanlikning mellom bygg, havre, vårrug og vårkveite 1917—1923.

	Asplund- bygg	Trønder- havre	Vårrug frå Frosta	Børsum vårkveite
Korn, kg pr. dekar	241	253	112	116
Halm, —»—	383	469	463	614
Vokstertid, døgn	117	117	120	133
Antal år	7	6	5	4
Kornavling av Asplund-bygg same åra, kg pr. dekar	241	238	232	232
Relativ avling, korn	100	106	48	50
Relativ avling, f. e.	100	101	64	77
Skalfri kjerne, kg pr. dekar ..	219	177	112	116
Relativtal	100	81	56	53

Bygg og havre har gjeve dei største og mest årvisse avlingar. Ingen av sortane er tidlege representantar for arten sin, men Asplund-bygg har vi gjennom alle år seinare hatt med i sortforsøka med bygg og det har hevda seg bra, dei andre har ikkje vori med i seinare forsøk.

Da vi forlanger fullmogi korn av rug og kveite, og dei fyrst og fremst bør nyttast til brødkorn, vil det difor på myrjorda vera vanskelegare å få fullverdig vare av desse kornslag, enn av bygg og havre som i større utstrekning vert nytta til fôr. Sjølv om vi reknar med skalfri kjerne eller i føreiningar av totalavlinga, har ikkje rug og kveite komi lenger enn til det halve av byggavlinga. Men skulle det koma sortar av t. d. kveite som er tidlege og stråstive og gjev like god avling som bygg og havre, kan ein dyrke dei til fôr, ifall kveiten ikkje vert fullverdig til brødkorn.

1. Bygg.

Bygg høver best på myr i god kalktilstand. Kalktrengjande myr må kalkast før bygg kan trivast godt sjølv om bygg i seg sjølv ikkje innheld mykje kalk. Kravet til kalk er derimot ulikt for dei ymse byggsortane. Grasmyra ved forsøkgarden har eit pH-verde på ca. 5. Da det av bygg finst tidlegare sortar enn av andre kornslag, vil bygget få eit større dyrkingsområde enn dei andre, ifall vilkåra elles ligg til rette for det. Vi skal her ta med ein del resultat frå sortforsøka. I tabell 17 er teki med fire sortar frå tida 1925—1937.

Dø n n e s var ei tid dyrka på myrjord og vert enda dyrka nordetter ein del, men her kan det ikkje lenger konkurrere med nyare sortar. V e g a bygg, ei rein line, utteki av nord-svensk landsort ved dr. U l a n d e r, Luleå, har bra kornavling, men har ikkje fått noko dyrkingsområde her. Dei to andre, M a s k i n bygg og A s p -

Tabell 17. Sortforsøk med bygg 1925—1937.

Sortar	Korn, kg pr. dekar Relativtal	Halm, kg pr. dekar Relativtal	Vokster- tid, døgn	Hl-vekt, kg	Legde, %
Maskinbygg	268—100	429—100	102	62,2	66
Asplundbygg	113	102	106	65,2	62
Vegabygg	107	100	103	62,5	75
Dønnesbygg	101	105	103	60,6	74

lundbygg, er vel kjente sortar som enno vert dyrka ein del, men som truleg ikkje vil halde seg saman med nyare sortar, enda dei har ymse eigenskapar som andre ikkje har i same mon. I tabell 18 er oppført resultatata frå sortforsøka i bygg i 1940 til 1958.

Tabell 18. Sortforsøk med bygg 1940—1958.

Sortar	År	Korn, kg pr. dekar Relativtal	Halm, kg pr. dekar Relativtal	Vokster- tid, døgn	Hl-vekt, kg	Legde, %
Seksradsbygg:						
Herse (M)	19	303—100	407—100	107	61,9	23
Asplund	19	101	105	+ 0	62,3	36
Maskin	19	90	100	÷ 4	60,6	41
Jotun	19	98	99	÷ 7	60,5	49
Varde	18	101	102	÷ 1	62,8	31
Kjevik stjerne	12	98	101	÷ 4	62,4	35
Edda I	11	105	104	÷ 4	61,3	35
Bonus	9	105	106	+ 1	61,7	28
Jadar II	9	101	116	+ 4	62,0	42
Sølen	8	93	99	÷ 8	59,0	56
Fræg	6	100	103	+ 1	62,0	17
Fløya	5	91	94	÷ 9	62,8	51
Edda II	5	104	101	+ 0	61,8	22
Toradsbygg:						
Kenia	6	89	112	+ 11	63,3	34
Opal B	6	105	122	+ 7	63,7	46
Puke (1936/39)	4	81	109	+ 1	—	19

Herse er målestokken som dei andre sortane samanliknes med. Det er fleire sortar som ligg på same avlingsnivå med omsyn på kornavling og kan tilrådest til dyrking under liknande tilhøve som



Maskinbygg på staur.

ved forsøkgarden, såleis Varde og Kjevik stjerne. Varde er heller litt tidlegare enn Herse, men er ikkje meir stråstiv. Det har ikkje den feil at strået vert knekt under akset slik som Herse får mykje av under mogninga. Kjevik stjernebygg har den fordel at det er tidlegare enn Herse, men er småkorna. Bonus har gjeve større kornavling, men denne er ikkje statistisk sikker i medeltalet, sjølv om det dei fleste åra har stått over. Bonus er litt seinare enn Herse, men like stråstiv. Av nyare sortar har Edda I og II gitt større kornavling enn Herse, den fyrste er tidlegast, den andre er meir stråstiv, kvalitativt står dei om lag likt. Det gamle Asplundbygget har hevda seg bra i kornavling, men det har mykje halm og går lett i legde og er dårleg som deksæd i attlegg. Fræg er ein heller ny sort, han er seinare enn Herse, og er sers stråstiv.

Av tidlegare sortar som sikkert vil vera overlegne i kornavling der den frostfrie vokstertida er stutt, er den gamle sorten Maskinbygg verdfull. Ved forsøkgarden er han underlegen i kornavling i samanlikning med Herse, men har vist seg betre som deksæd ved attlegg til eng, da det skåner attlegget mykje betre enn andre seinare byggsortar. Jotunbygg har gjeve kornavling på høgd med Herse, men har lett for å leggja seg. Det er omlag ei veke tidlegare enn Herse. Den tidlegaste byggsorten er Fløya som har gjeve den minste kornavlinga av sortane og den minste halmavlinga, likevel har det lett for å gå i legde. Det er småkorna.

Toradsbygg er for seint under tilhøva ved forsøkgarden, og kan berre tilrådest til dyrking der vokstertida er lang. Sortane

av toradsbygg er heller ikkje meir stråstive enn dei andre sortane vi har prøvd, burtsett frå den tidlege sorten P u k e, som har vori sers stråstiv og omlag like tidleg som Hersebygg. I kornavling har den vori heilt underlegen, men har stort og vakkert korn. O p a l B har gjeve større kornavling enn Herse, det er stråveikare, og i medel ei veke seinare for dei seks åra det er samanlikna med Herse.

I 43 år frå 1915 til 1958 er Asplundbygg og Maskinbygg dyrka i alle åra. I medel kornavling har Asplundbygg gjeve 292 kg og Maskinbygg 260 kg pr. dekar. Asp-lundbygg har i 37 år gjeve største kornavling av dei to sortane.

2. Havre.

Havre høver ofte betre enn bygg på myrjord og da fyrst og fremst på simplare dyrkingsmyrar. På myr med rikeleg kalkinnhald høver han ikkje, og vil der lide av gråflekksjuke. Når ein med ein viss rett kan seia at bygg høver betre på myr enn havre, står det i samband med at av bygg har ein tidlegare sortar som høver betre der vokstertida er stutt. Dessutan vert kalkfatige myrar kalka og såleis sett i stand til å gi avling av meir kravfulle vokstrar. På myr med god tilgong av nitrogen vil havren verta frodig og med mykje halm. I slike høve må ein vera varsam med nitrogengjødsel eller helst sløyfe den av omsyn til fåre for legde. Vert det legde, har havren mindre evne enn bygg til å reise seg, og det vert oppgroing av kornet i legda. I dei seinare år er det komi nye sortar som er

Tabell 19. Sortforsøk med havre 1925—1939.

Sortar	År	Korn, kg pr. dekar Relativtal	Halm, kg pr. dekar Relativtal	Vokster- tid, døgn	Hl-vekt, kg	Legde, %
Halvtidlege:						
Thor (M)	15	336—100	518—100	122	43,1	92
Kytø	11	114	101	+ 2	46,6	51
Arla	11	109	117	+ 5	47,9	75
Grenader	12	102	115	+ 5	46,8	63
Bambu	4	111	104	+ 4	49,8	63
Tidlege:						
Perle	15	101	109	÷ 4	46,5	74
Nidar (I)	14	98	96	÷ 12	43,9	89
Nidar II	5	111	108	÷ 7	47,7	54
Ymer	3	115	102	÷ 4	45,4	53
Merkur	3	105	107	÷ 2	42,2	87

meir stråsterke enn dei eldre og dessutan tidlegare, så dyrkings-området for havre har kunna utvidast.

Av sortforsøka i havre ved forsøkgarden skal takast med eit utdrag for åra 1925 til 1939 og 1950 til 1954 i tabellane 19 og 20.

I fyrste forsøksserien er det Nidar II og Ymer av dei tidlege som har gjevi største kornavling, dei er jamlike i stråstyrke, men Nidar II har betre hl-vekt. Nidar I er den tidlegaste av alle, han har det veikaste strå og har låg hl-vekt. Av dei halvtidlege har Kytø og Bambu vori best, dei er stråstive, serleg Kytø, og har betre hl-vekt enn dei tidlege sortane. Da dei er 10—12 dagar seinare enn Nidar II, har dei lettare for å verta skadde av frost om hausten. Thorshavre, som i mange år var mykje dyrka, har ikkje kunna konkurrere med nyare foredla sortar. Han er elles svert stråveik og av den grunn har han vori lite høveleg på myrjord.

Tabell 20. Sortforsøk med havre 1950—1954.

Sortar	Korn, kg. pr. dekar Relativtal	Halm, kg pr. dekar Relativtal	Vokster- tid, døgn	Hl-vekt, kg	Legde, %
Tidlege:					
Perle (M)	385—100	613—100	122	43,2	82
Nidar II	111	101	÷ 9	44,2	76
Ymer	101	115	÷ 2	42,0	86
Voll	120	106	÷ 4	47,1	54
Hein II	114	103	÷ 3	46,5	66
Halvtidlege:					
Kytø	112	98	+ 3	43,7	77
Strind	105	104	+ 3	41,8	76
Hird	103	100	+ 1	43,9	58
Trond	90	97	+ 5	42,0	82
Bambu	104	109	+ 6	43,4	92

I tabell 19 er Thorshavre målestokk, og han er samanlikna med dei andre med ulike lang forsøks- tid. I tabell 20 har alle vori med like mange år og dei kan samanliknast innbyrdes, og dei relative avlingar er sett i høve til Perle havre, som har lengste forsøks- tida ved forsøkgarden. Han har vori med i forsøka frå 1915 til 1957 og har i medel for 43 år gjeve 312 kg korn pr. dekar. I saman- likning med Asplund og Maskinbygg har havren såleis legi over i avling. Men Perlehavre er slegen ut av andre og betre havresortar. Perle er ikkje av dei sers tidlege og har ved forsøkgarden vori i seinaste laget. Tabell 19 omfatar ei tid då havresortane mogna på



Vollhavre på Mæresmyra.
Det norske myrselskaps forsøksstasjon i bakgrunnen.

stuttare tid enn den bolken tabell 20 omfatar. Dei halvtidlege har hevda seg godt mot dei tidlege, som tabellen viser. Sortane sin avkastnad skiftar såleis etter som året er, men sikrast og mest årviss har dei tidlege sortar vori ved forsøks garden og elles der vokstertida er stutt. Her må vi rekne med at havren bør vera ferdig til skur i siste halvdel av august månad (når det vert sådd fyrst i mai månad) skal ein ikkje risikere frostskaade. Av tidlege sortar som tilrådes til dyrking, er Nidar II den tidlegaste, han har gjevi større og årvissare avling enn Perle. Voll er noko seinare, men gjev større avling og betre kornkvalitet. Hein II ligg omtrent på same nivå som Voll, dei er begge bra stive i strået, men Voll er betre i så måte. Halvtidlege sortar har som oftast gjeve større avlingar under betre vokstervilkår enn dei tidlege. Best av dei har sortane Kytø, Strind og Bambu vori, men dei er litt veikare i strået enn dei tidlege, da påkjenninga vert større ved den lengre vokstertida. Kytø har det stivaste strået. Både Kytø og Bambu har god kornkvalitet.

3. Rug.

a. Vårrug.

Rug kan sidestillast med havre i sine krav til jorda, han er kanskje enno mindre kravfull enn havre. Som nemnt tidlegare under dette avsnitt har ikkje vårrug kunna tevla med havre og bygg i avkastnad. Dette galdt ein vårrugsort frå Frosta herad. I vurderinga her må det leggjast serleg vekt på at rug — liksom kveite — må

gjeva fullgodt korn brukande til mat. Frostskadd og oppgrodd korn er ikkje nyttande til anna enn fôr. Vi kan likevel ta med eit resultat av to sortar vårrug og tre sortar vårkveite i samanlikning med Asplundbygg og Perlehavre i tida 1934—1939 (tabell 21). Dei to vårrugsortane Vågønes og Petkus — har gjeve eit betre resultat enn vårrugen frå Frosta. Det var betre vertilhøve denne bolken, men avlinga ligg likevel under byggavlinga. Dei er seine, serleg Petkus, og ein kan ikkje vente å få fullgodt korn av denne under tilhøva ved forsøkgarden. Derimot kan den gå fram til mogning på Sørlandet. Petkus har store, vakre korn og er tolleg bra stråstiv. Vågønes vårrug er stråstiv, men har små korn.

Tabell 21. Forsøk med vårkorn 1934—1939.

	Asplundbygg	Perlehavre	Gar-netkveite	Kanadisk kveite	Frøya kveite	Vågønes vårrug	Petkus vårrug
Korn, kg pr. dekar	371	367	253	194	257	285	275
Halm, —»—	434	551	496	650	538	479	624
Vokstertid, døgn	106	+ 7	+ 17	+ 19	+ 19	+ 9	+ 18
Forsøksår	6	6	6	2	2	3	2
Kornavling av bygg del same åra, kg pr. dekar	—	371	371	333	355	364	334
Relativtal	100	99	68	58	72	78	82
Skalfri kjerne, kg. pr. dekar	338	291	253	194	257	285	275
Relativtal	100	86	75	64	80	86	90
Legde, %	72	70	53	78	75	48	63

b. Haust rug.

Haustrug er prøvd i mange år ved forsøkgarden. Det er ikkje gjort samanliknande forsøk med sortar, men han har gått inn i vekstskifte i omlaupforsøk. Overvintringa har gått bra dei fleste åra, og dei åra det ikkje har gått bra, har grunnen vori at smeltevatnet har vorti ståande. Det gjeld å syrgje for gode avlaupsvilkår for smeltevatnet alt frå hausten ved å grave vassfurer i åkeren etter såinga. Avlinga av korn har alltid vore liten og mindre enn av havre og bygg. Den har legi i frå 150 til 200 kg pr. dekar. Mogninga har ofte vori mindre god og det er vel fordi dei sortar som er brukt har vori for seine. Det er mest Trønder og Vasarug som har gått inn i omlaupet. Sjølv om rugen er stråstiv vil han likevel på godt molda grasmyr gå i legde, og det er ikkje bra. Rugen er framandfrøar og går den for tidleg i legde vert frøinga dårleg. Likeeins vil mykje regn under blomstringa føra til at blomstøvet vert hindra i overføringa til plantane og akset vert dårleg utvikla. På mindre molda myrjord vil rugen ikkje gå så lett i legde. Rugen gjev mykje

halm, 5—600 kg pr. dekar er ikkje uvanleg. Han var difor tidlegare ein del brukt til å få tidleg grønfôr.

4. Kveite.

a. Vårkveite.

Dette kornslag krev jord med godt kalkinnhald og står såleis i same stode i sitt krav til jorda som bygg. Kveiten kan såast tidleg, han toler det. Han krev varm og drivande sommar for å gi fullgodt korn, og lite nedbør under mogninga, noko som også andre kornslag har sams med kveiten. Dette er ikkje det normale ved forsøkgarden, og vi kan såleis ikkje frå den sida by kveiten gode nok vilkår for eit heldig utfall av dyrkinga. Det er berre i sudlegare strok og på grunne myrar i god kultur at kveitedyrking kan gå bra på myrjorda. Tidlege sortar som *Garnet* og *Snøgg II* har i gode år gjevi bra avlingar og korn av god kvalitet når berginga har vori god, men det er sjeldne år. Begge sortar er fleire dagar seinare enn *Asplundbygg*. *Frya* og *Kanadisk* kveite er seinare.

b. Haustkveite.

Haustkveite er berre prøvd i liten utstrekning på grasmyr. Det er *Enger* haustkveite som er prøvd, men resultatet vart dårleg, hausten er for stutt her.

Det er dei klimatiske tilhøve som er avgjerande, og ikkje alltid jorda om dyrkinga av rug og kveite kan gjeva godt brødkorn. Såleis skal nemnast at ved dei to finske forsøkgardane i myr dyrking, *Leteensuo* i det sudvestre- og *Karelska* i det austre *Finnland*, har dei, serleg ved *Leteensuo*, dyrka rug og kveite med godt resultat (*Vesikivi* 1938, *Salheimö* 1940). *Leteensuo* ligg på 61° n.b., medeltemperaturen er for mai—september 12,7 C° i juli og august 17,1 og 14,3 C°. Nedbøren for sommaren er 290 mm. Ved den *Karelska* forsøkgarden er medeltemperaturen for same tidsrom 12,4 C°, og i juli og august 16,9 og 14,5 C°. Nedbøren er større, nemleg 349 mm. Til samanlikning skal nemnast at *Mæresmyra* ligg 3 grader lenger nord enn *Leteensuo*. Normaltemperaturen er for sommaren 11,5 C° og i månadene juli og august i same tur 15,4 og 13,1 C°, det er over 1 C° mindre enn ved dei finske gardane. Nedbøren er det ikkje stor skilnad på, ved *Mæresmyra* er denne 334 mm for same sommartida. Det vert såleis meir drivande ver og turrare luft ved dei finske forsøkgardane og betre vilkår i det heile for dyrking av korn. Såleis har begge gardar dyrka *Diamant* vårkveite med godt resultat, serleg ved *Leteensuo*. Ved den *Karelska* stasjonen er denne sorten i seinaste laget. Vokstertida var 100 til 110 dagar, her på *Mæresmyra* er det dei tidlege bygg- og havresortar som kan mognast på like lang tid. Vi skal elles merke at i *Finnland* er det mykje vanleg at grasmyra vert jordbeta med sand eller leir og på den måten vert ho meir varmeleiande og drivande for kornet.

(Framhald)